

---

**Fra:** olaveth . <olaveth@gmail.com>  
**Sendt:** 24. november 2019 19:31  
**Til:** Postmottak Meland; Harry Finseth  
**Emne:** Krav om dagleg kosting og rydjing på Håtuftvegen

Harry Finseth

Meland Kommune

Raymond Dale og Olav Torheim

Håtuftvegen Hestdal, 24/11/19

Krav om dagleg kosting og rydjing på Håtuftvegen

Etter at arbeidet med vegutbetring på Håtuftvegen tok til, er det vorte mykje snakk og mykje klaging frå folk som køyrer bil. Vegane er sølete og støvete, og bilane som må køyra her til dagleg vert svært skitne på svært stutt tid. Vegen er vorten so skeiv og skakk at bilar tek nedi med understellet. Det smell i understellet med steinar når ein køyrer på vegen.

Håtuftvegen er ein blindveg og det finst ingen alternative køyreruter so lenge vegarbeidet held på.

Det vil kosta Meland Kommune svært lite å syta for at det vert kosta og vaska på vegen etter at det daglege vegarbeidet er utført.

Dessutan so hentar entreprenøren veggrus i staden for å nytta seg av kommunen sin eigen fresemasse. I staden for veggrusen som vert lagt på vegen her so må det vera betre å henta fresemasse som stend rett utanfor Meland Kraftstasjon eller eit anna pukkverk. Denne massen høver framifrå som millombels dekke på vegen.

Det er betre å nytta seg av fresemasse eller knuste asfaltmassar i staden for den blaute massen som vert lagd på vegen no. Med den massen som ligg på vegen no so vert det ujamt på vegen når det frys til.

Med venleg helsing

Raymond Dale, Olav Torheim, Kjell Ove Nygård, Sandra Olsvoll, Kjetil Fjellstad, Renate Olsvoll Dale, Rune Gripsgård